

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 18.5.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 18/21. Vurdering av fiskereglane for statsallmenningen ut frå innkomne innspel om garnfiske for utanbygdsbuande

Saksopplysning/vurdering

Fjellstyret endra fiskereglane for statsallmenningen i april 2017. Då vart det opna for fritt kortsal for garnfiske for utanbygdsbuande i tre vatn; Vestredalsvatnet, Vetlebotnvatnet og Katlamagasinet. Kopi av gjeldande fiskereglar ligg ved. Det har vore ei viss interesse for ordninga, men knapt meir enn 5-6 utanbygds som har kjøpt sesongkort kvart år. Det har kome eit par innspel i vinter/vår som går på dette med utanbygds garnfiske. Det eine (frå Olav Borlaug) held fram at garnfisket går ut over sportsfisket i Stemmerdalen, medan det andre er ein søknad frå tre utanbygds hytteeigarar om å få fiska i fleire vatn enn dei som fiskereglane opnar for garnfiske i.

- Olav Borlaug sitt innspel lyder slik:
Forslag om å stenge for utanbygds garnfiskarar i Vetlebotten/
Stemmerdalen. Fin fisk før garnfiske tek til. Reint yrkesfiske med garn av enkelte. Mange turistar som fiskar med stang, då er det fint om dei får ein fisk.
- Frode Bergheim søkjer på vegner av seg sjølv og to andre utanbygds hytteeigarar i Aurdalen om å få høve til å fiska med garn i Nyhellervatnet, Svartavatnet og store Vargevatnet. Søknaden har denne ordlyden:
Hei, henviser til telefonsamtale mellom dere (Harald Skjerdal) og Ronald Herfindal. Vi er tre stykker som har hytte på Østerbø og vi ønsker å kunne sette garn i Nyhellervann, Vargevann og Svartevann, det var Harald som sa vi måtte sende en søknad/forespørsel. Håpar på positivt svar 😊
Vennlig helsing
Ronald Herfindal, Frode Bergheim og Lars Nødtveit.

Det er mogeleg å gjera justeringar i fiskereglane for allmenningen, der ein tek omsyn til forslaget om å ta ut Vetlebotnvatnet frå gruppa av vatn som er opna for garnfiske for utanbygdsbuande, eventuelt tillata garnfiske berre i ein del av vatnet. Mogleg at grensa for kvar garnfiske skal tillastast må gjelda generelt for alle, både utanbygds- og innanbygds fiskarar. Det har tidlegare vore nytta ulike grenser for kor garnfiske skulle tillastast i Vetlebotnvatnet. I ei årrekkje var garnfiske forbode i Vetlebotnvatnet framom (sør for) Vasshaugane. Nokre år seinare prøvde ein med ei grense 50 m på kvar side av terskelen, med oppsette skilt som markerte grensa. Etter nokre år vart denne grensa fjerna frå fiskereglane.

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 18.5.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 18/21, side 2

Fjellstyret har og høve til å utvida gruppa av vatn der ein opnar for utanbygds garnfiske, dersom dette skjer «*utan at det går ut over fiskerettshavarane elles og det ikkje kan reknast å vera til skade for fisken i vassdraget*» (Fjellova § 28, 3. ledd). På den måten kan fjellstyret imøtekoma søknaden frå dei tre hytteeigarane, og andre utanbygds fiskarar som ynskjer å fiska med garn.

Eit anna alternativ kan vera aktuelt;

For sesongen 2020 vart det inngått ein eigen avtale med eit utanbygds fiskelag (Jan Eira m.fl., ynskjer å vidareføra avtalen i 2021) som gav laget høve til å fiska i Nyhellermagasinet, i tillegg til i dei tre vatna som gjennom fiskereglane er opna for garnfiske for utanbygdsbuande. Denne avtalen var heimla i pkt. 11 i fiskereglane. Dette punktet lyder slik:

«Utan omsyn til bestemmelsane om moskevidder, garntal m.v. ovanfor, kan fjellstyret setja i verk tiltak for å tynna ut fiskebestanden i vatn der dette viser seg å vera naudsynt.» På bakgrunn av at det vart fiska så lite i Nyhellermagasinet sesongen 2019 grunna vegstenging, såg fjellstyret det som viktig å få opp fiskeinnsatsen i 2020. Fangststatistikken tyder på at dette framleis er aktuelt (det vart teke opp omlag 700 kg i vatnet i 2020). Det finst andre regulerte vatn der prøvefiske og fangststatistikk tyder på at eit hardare fiske trengst endå meir, som t.d. Katlamagasinet og Langavatnet - Adamsvatnet. Dersom ein skal halda fram praksisen med å tilby einskilde utanbygds fiskelag særavtalar om garnfiske i vatn som ikkje er opna for alle gjennom fiskereglane, kan det vera aktuelt å krevja at fisket vert fordelt på fleire vatn, og ikkje konsentrert om eit vatn som Nyhelleren, som kanskje er vatnet som har det mest attraktive fisket. I så fall må dette avtafestast skriftleg med dei fiskelaga som deltek på slike vilkår, på ein slik måte at det går klårt fram at hensikten er tynningsfiske i samsvar med pkt. 11 i fjellstyret sine fiskereglar for statsallmenningen.

Eg vil tru det ikkje er så aktuelt no å opna Nyhellermagasinet for garnfiske for utanbygdsbuande gjennom endring av fiskereglane. Dette er det vatnet som i mange år har vore mest populært mellom innanbygds garnfiskarar, og ein vil fort koma i konflikt med vilkåret i Fjellova om at regelendringa ikkje må føra til at det går ut over fiskerettshavarane elles, altså lokale fiskarar. Å inngå avtalar med einskilde utanbygds fiskelag ser eg likevel som aktuelt, som ledd i eit planmessig tynningsfiske som omfattar fleire vatn. Eg meiner dette kan gjerast utan å gjera endringar i fiskereglane.

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 18.5.21

Stad: Fjordsenteret

Sak 18/21, side 3.

Dersom det skal gjerast endringar i fiskereglane for statsallmenningen, krev dette ein litt meir omfattande saksgang, med innlagt høyringsrunde og vedtak i eit seinare møte. Dette vil likevel vera praktisk mogleg å få til før fiskesesongen startar.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret ynskjer å endra § 6 i fiskereglane for statsallmenningen, slik at det ikkje lenger vert lov å fiska med garn i Vetlebotnvatnet framom (sør for) Vasshaugane. Grunngevinga er konflikt med sportsfisket i denne delen av vatnet. Forslaget vert lagt ut på høyring med høyringsfrist 3. juni, før endeleg vedtak vert gjort.

Fjellstyret opprettar avtale med to utanbygds fiskelag – Frode Bergheim m.fl. og Jan Eira m.fl.) som har søkt fjellstyret om å få fiska med garn i andre vatn enn dei som gjennom fiskereglane er opna for garnfiske for utanbygdsbuande. Avtalane vert utforma med sikte på å få ein tynningseffekt i vatn der dette trengst. Vatn som er aktuelle å ta med i avtalane er m.a. Nyhellermagasinet, Katlamagasinet og Langavatnet/Adamsvatnet.

Fjellstyrekontoret, den 10.5.21

Harald Skjerdal

FISKEREGLAR FOR AURLAND STATSALLMENNING

1. Alle over 16 år må ha gyldig fiskekort.
Born under 16 år fiskar fritt med sportsfiskereiskap.
2. Utanbygdsbuande får kjøpt kort for stong- og oterfiske i alle vatn. Innanbygdsbuande kan i tillegg få kjøpt sesongkort for garnfiske. § 9 og §10 nedanfor opnar for eit avgrensa garnfiske for utanbygdsbuande i nokre vatn.
3. Stong- og oterfiske er lovleg i alle vatn i statsallmenningen.
4. Det er ingen restriksjonar på kva moskevidder som kan nyttast. Garnlengd inntil 25 m.
5. Landfestet eller garnblåsa skal vera merkt med namnet til fiskaren.
6. I alle vatn i allmenningen som er opna for garnfiske kan det fiskast med inntil 5 garn per kort.

I følgjande vatn er det forbod mot garnfiske:

Vatna i Brubotn, vatnet ovanfor terskelen i Stemmerdalen

7. Ein og same fiskar kan kjøpa kort for inntil 5 garn. Det vert likevel opna for fiskelag med inntil 4 deltakarar, der ikkje alle treng vera aktivt med under fisket. T.d. kan ein deltakar i laget fiska med laget sin samla garnkvote.

Følgjande vilkår gjeld for fiskelag:

- laget må ha med seg godkjenningsskriv for fiskelag, utskrive av fjellstyret
- laget må kunna førevisa garnkort for så mange garn som det vert fiska med

8. Garnfiskarar skal levera fangstrapport til fjellstyret når sesongen er slutt.
9. Særskilte reglar for fiske i Storebotn, Aurland nordre statsallmenning:
I alle vatna i Storebotnvassdraget kan ein på sportsfiskekortet fiska med eit uavgrensa tal garn (21-26 mm vert tilrådd). I desse vatna er det opna for garnfiske for utanbygdsbuande.
10. Utanbygdsbuande kan få kjøpt kort for garnfiske i følgjande vatn: Vetlebotnvatnet, Vestredalsmagasinet og Katlamagasinet. Fjellstyret vil krevja at utanbygds garnfiskarar nyttar fjellstyret sine garn i desse vatna, for å unngå spreiding av sjukdomssmitte eller framande organismar.
11. Utan omsyn til bestemmelsane om moskevidder, garntal m.v. ovanfor, kan fjellstyret setja i verk tiltak for å tynna ut fiskebestanden i vatn der dette viser seg å vera naudsynt.

Fiskereglane vart sist reviderte av fjellstyret i april 2017.